

BRUKARREGLAR FOR HOL BYGDEARKIV.

1. Alle som ynskjer det, skal få sjå og lesa innsamla materiale i Hol Bygdearkiv, alt etter gjeldande reglar for innsyn i slikt materiale. Brukarane må fylle ut brukarkort (som gjeld i 3 år). Dessutan må dei skrive namnet sitt i gjesteboka kvar gong dei nyttar arkivet.
2. Brukarane har ikkje tilgjenge til magasinet. Arkivpersonalet skal hente fram materialet brukarane ynskjer, men vanlegvis ikkje meir enn ein arkivboks eller tre protokollar samstundes. Likeeins leverer brukarane dette materialet til personalet før dei går for dagen. Materialet kan ikkje lånast ut frå Hol Bygdearkiv.
3. Arkivmateriale er oftast uerstatteleg, ein må difor vera varsam med det so det ikkje tek skade.
4. Opplysningar som kan skade, krenkje eller sære andre, må ikkje la koma vidare.
5. Offentleggjing av arkivmateriale:
Ynskjer ein å offentleggjera private eller oppteikningar som Hol Bygdearkiv tek vare på, kan det trengjast særskild samtykke. Spør arkivleiinga om dette.
6. Bøker, særprent, artiklar og lignende som byggjer på materiale i Hol Bygdearkiv, ventar arkivet å få gratis i to eksemplar. I slike trykksaker skal det stå at kjeldematerialet kjem frå Hol Bygdearkiv.

Desse reglane gjeld førebels. Arkivet må prøve dei ut noko før me ser om dei er gode nok.

VEDTEKE I HOVUDVALET FOR KULTUR I SAK 25/92

